

Driftsplan massetak / steinbrot

Tjønn gnr. 46 bnr. 1

VINJE KOMMUNE	
Arkivtjenesta	
Arkivnr. 0118	Arkivnr. 1011
05 DES. 2001	
Ark.kode P	Ark.kode S
Løpnr.	Dok.nr.
Saksh.	Saksj.
Vassårsnr	Gradering

Uttak skal skje etter godkjend reguleringsplan

Ottar Ringhus, 3890 Vinje er ansvarleg for drift av steinbrot etter leigeavtale med grunneigar Ragnhild Kielland.

Staubrotet er ca. 8 da. Det er tenkt å taka ut ca 5000 m³ masse pr. år, denne kan sorterast og evt. lagra inne på området. Steinen skal brukast til naturmur o.l. Avdekkingsmasse, jord og anna masse skal lagrast inne på området

Uttak skal taka til sør i feltet og etappevis nordover. Felt 1-2-3-4-5-6. Det kan takast ut masse ned til kote 635. Ein må taka vare på jord og avdekkingsmasse, for å bruk det til vekstdekke, når ein reablerar vekst i det feltet, som er ferdig uttekje.

Uttaket skal vera avslutta innan år 2011.

Drift

Det kan brukast transportabelt sorterings og lastestyr og borutstyr.

Sortert stein kan lagrast på den del av massetaket som til kvar tid er ope.

Nødvendige tiltak for å unngå skade på person, eigeidom eller trafikk må settast i verk.

Inngangen til massetaket bør stengast med bom. Området må sikrast med varselskilt evt. gjerde der det er nødvendig.

Ein må sikre at det ikkje vert avrenning av ureining til vassdrag. Skrotstein kan lagrast og deponerast innan området.

Driftstid

Det skal ikke vera drift mellom kl 22.00 kveld og 07.00 morgon og ikkje i helgene.

Radoninnhald

Om steinen skal brukast inne i hus bør ein gjera radonmåling og verdien av radium -- 226 skal ikke vera over 300 Bp/kg.

Istandsetting under drift


Massetaket skal til kvar tid haldast ryddig og det må ikkje lagrast spesialavfall på området.




Mot vegen kan det leggjast ein voll som skjerm mot støy og innkjøring.

Istandsetting etter utfak

Når feltet er teke ut skal feltet planerast og dekkast med jord der det er naturleg, utformast og tilplantas i samråd med landbrukssetaten i kommunen.

Etter istandsetting skal ikkje skråningar i lausmasse ha meir enn 45 % stigning, i fjellskråning ikkje meir enn 65% stigning.





Snitt steinbrot/massetak
mål 1 : 1000
Ving 26 09 01 B.H.